

Handlingsprogram for klima og miljø 2016 - 2017

1. Utsleppsreduksjon

1.1. Næring, inkludert landbruk

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Som ein del av gjennomføringa av industristrategien til fylket, etablere ei satsing for å auke talet på arbeidsplassar gjennom etablering av kraftkrevjande miljøvenleg industri, som datalagring, prosessindustri og hydrogenproduksjon.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Satsinga bør minst innehalde: <ul style="list-style-type: none">- Ein felles profileringsstrategi for fylket som føretrekt etableringsstad- Konkrete bidrag til etableringar gjennom rådgjeving og økonomisk støtte- Formidling av mulegheiter for næringslivet	Er det utarbeida ein felles profileringsstrategi? Har fylkeskommunen bidrege til etableringar og prosjekt? Tal etableringar/arbeidsplassar?
I samband med tildeling av regionale utviklingsmidlar skal det stillast krav til miljøprofil og evne til klimaomstilling.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Etablere målbare kriterier for kva som tilfredsstillar krav til miljøprofil og evne til klimaomstilling. Dokumentere og rapportere på status og utvikling for bedrifter/prosjekt ein støttar med utviklingsmidlar	Er det utforma målbare kriterier? Følgd opp i retningsliner for verkemiddelbruk? Tilsegnsbrev? Oppdragsbrev til Innovasjon Norge? Er det rapportert på status og utvikling?
I tråd med verdiskapingsplanen skal det formulerast ein langsiktig kunnskapsstrategi med tema: «Kva skal framtidige generasjonar leve av?»	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Formulere ein langsiktig kunnskapsstrategi rundt «smart spesialisering». Miljø og klima-utfordringane vert tema i arbeidet, som skal resulterer i ei tilråding som vert handsama politisk.	Er kunnskapsstrategi formulert? Er tilråding presentert politisk?
Miljø og klima vert lagt som føring for iverksetting av verdiskapingsplanen	Fylkeskommunen ved	I utviklingsavtalen med Vestlandsforskning og HiSF skal arbeidet med resultatinformasjon i	Er indikatorar inkludert i resultatinformasjonen?

	fylkesrådmannen	verdiskapingsplanen forbetrast. Måleindikatorar innan miljø og klima vert inkluderte	
I tråd med den fylkeskommunale industrisatsinga, etablere tverrfaglege møteplassar for utveksling og læring, mellom anna innanfor klima/miljø	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Etablere desse treffpunkta og bygge kompetansmiljø mellom næringar med klima og miljø som tema. Identifisere konkrete forretningsmoglegheiter for industrielle aktørar som følgje av klimaomstilling	Er det etablert slike tverrfagleg møteplass?
Redusere negative miljømessige konsekvensar frå fiskeoppdrett.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Gjennom AHA (Arbeidsprogram for Heilskapleg akvakulturforvaltning) og vidareutvikling av dette prosjektet. Bruke "Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane" aktivt for å stimulere næringa til miljøtiltak.	Rapport frå AHA- programmet Rapport frå Marint Verdiskapingsfond
Auke talet på arbeidsplassar og redusere klimagassutslepp gjennom auka bruk av tre som materiale i bygg gjennom ei fornying av prosjektet «Tredivar Sogn og Fjordane»	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, Fylkesmannen og Innovasjon Norge	Etablere nye og kople saman eksisterande verdikjeder som kan føre til auka verdiskaping knytt til trebaserte ressursar. Redusere bruk av ikkje-fornybare ressursar (stål, betong o.l.) i byggjebnarsjen ved auka bruk av tre.	Er prosjektet gjennomført? Kan ein påvisa effekt? Auka bruk av tre? Redusert bruk av stål og betong? Måloppnåing i prosjektplanen
I samband med utlysing av midlar til Infrastrukturprogrammet for reiselivet skal tiltak som støttar eit berekraftig reiseliv prioriterast	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen/ styringsgruppa for reiselivsplanen	Integrere dei tre berekraftkriteria som er valt frå forskingsprosjektet (VF, 2015) i utlysingsteksten for Infrastrukturprogrammet. Stille krav om at søkjar skal greie ut om desse kriteri i søknaden og rapportere når midlane er brukt.	Er teksten integrert i utlysinga? Har søkjarane greidd ut om berekrafta i prosjektet i tråd med kriteri? Er rapportar motteke?
Følgje opp forskingsprosjektet om eit berekraftig reiseliv (VF, 2015) gjennom oppfølginga av reiselivsplanen	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen,	Berekraftgruppa for reiselivsplanen har ansvaret for å utarbeide årsplanar for sitt arbeid, der oppfølginga av	Korleis er forskingsprosjektet følgt opp av berekraftgruppa?

	styringsgruppa for reiselivsplanen	forskningsprosjektet er sentralt.	Årsrapport frå gruppa
Styrke satsinga på samfunnsansvarleg næringsliv og klimaspørsmål i næringslivet	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Møte i referansegruppa til nettverket for samfunnsansvarleg næringsliv. Bidra til at satsinga kan vidareførast etter NHO sitt engasjement går ut frå 2017, til dømes ved etablering av «Klimapartnerar».	Møtereferat/rapport frå NHO Er satsinga vidareført frå 2017?
Tilskotsordning for miljøsertifisering av bedrifter	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, Innovasjon Norge	Vidareutvikle tilskotsordninga for miljøsertifisering. Ordninga må marknadsførast meir. Vurdere nye måtar å engasjere bedriftene på, til dømes gjennom felles oppstartsseminar	Tal miljøsertifiserte bedrifter Aktivitatar og marknadsføring knytt til ordninga
Gjennomføre ein transportstudie innanfor landbruk, jordbruk og skogbruk i lys av aukande køyreavstandar	Fylkesmannen	Undersøkje korleis ein kan redusere og effektivisere transportbehovet.	Er transportstudie gjennomført?
Arealsertering til klimamotivert skogreising	Fylkesmannen	Kartfeste areal som eignar seg til klimamotivert skogreising	Er areal kartfesta?

1.2. Samferdsle

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
--------	--------	---------	----------------------------

I samband med ferje- og bussanbod skal det gjennom politisk handsaming vurderast om det skal hentast inn tilbod på miljøvenleg teknologi/alternativ drivstoff	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Vurdere dette gjennom politisk handsaming. Det vert sett premissar for meirkostnadar knytt til miljø i anbod. Ferjesambandet Daløy-Haldorsneset skal på anbod i 2016. Miljøkrav i ferjemalen vil bli lagt til grunn. I tildelingskriteria er det vedteke å akseptere inntil 3 % høgare pris dersom det kan leverast alternativ miljøteknologi som er betre enn krava i ferjemalen.	Er dette gjennomført på konkrete anbod?
Etablere samarbeid med drosjenæringa for å påverke til bruk av køyretøy på fornybar teknologi	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Samarbeide med næringa for å førebu innfasing av låg- og nullutslepps-køyretøy Bidra med rettleiing og kunnskap	Har ein inngått eit samarbeid? Har ein bidrege med rettleiing og kunnskap?
Arbeide for at bussjåførar og andre som jobbar i kollektivbransjen har bevisstheit og kompetanse knytt til økokøyning	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Gjennomføre kurs for bussjåførar	Er det gjennomført kurs?
Sette i verk marknadsføring- og informasjonstiltak for å auke bruken av kollektivtransport i fylket	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Vidareføre arbeidet frå førre programperiode. Bruke resultata frå brukarundersøkinga til å auke bruken av kollektivtilbodet, setje i verk nye tiltak	Kva tiltak er sett i verk? Kan ein vise til vekst i bruk av tilbodet?

Vurdere rutekjøring i områder der bruksgraden er låg	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Vurdere å erstatte denne ruteproduksjonen med tingsruter	Er slike vurderingar gjort? I kva grad er ruteproduksjon erstatta med tingsruter?
Redusere posisjonskjøring i kollektivtrafikk	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Definert i kontraktar. Gjennom planlegging av rutestruktur og etablering av hensiktsmessig plasserte terminalar	Planlegging gjennomført? Påverka plassering av terminalar?
Klimagassutslepp frå vegtrafikk i Sogn og Fjordane skal inn som tema ved revisjon av Regional transportplan som startar i 2016	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Ta utgangspunkt i statusrapportering frå Statens Vegvesen på klimagassutslepp i Region vest med fordeling mellom by og land	Er klimagassutslepp frå vegtrafikk kome inn som tema i revisjon av RTP?
Greie ut status på klimagassutslepp frå vegtrafikk i Region vest og fordeling mellom by og land på riks- og fylkesvegar	Statens Vegvesen Region Vest	Ta utgangspunkt i t.d. <i>Reisevaneundersøkinga</i> og årsdøgntrafikk. Start januar 2016 slutt desember 2016	Er utgreiing gjennomført? Ligg det føre rapport?
Gjennomføre pilotprosjekt med utprøving av reduksjon i klimagassutslepp som krav og/eller tildelingskriterier i kontraktar med entreprenørar	Statens Vegvesen Region Vest	Ressursavdelinga i samarbeid med HR (Juridisk og anskaffelsesseksjonen) og 3-4 prosjektleiarar på prosjektavdelinga og/eller vegavdelingane. Samarbeid med VD (byggherre). Start januar 2016, slutt desember 2017	Er pilotprosjektet gjennomført?
Utgreie korleis Region vest i sine prosjektbestillingar i by- og tettstadsområde kan leggje til rette for å nå mål i NTP om auka sykling, gåing og kollektiv.	Statens Vegvesen Region Vest	Start januar 2016, slutt juni 2016	Er utgreiinga gjort? Er det gjort tilpassingar i prosjektbestillingane?

Arrangere kurs i miljøvenleg køyring for tilsette som nyttar bil i tenesta.	Statens Vegvesen Region Vest	Trafikant- og køyretøyavdelinga (staben) Start mai 2015, slutt desember 2017 (Kursstart oktober 2015)	Er kurs avvikla?
Statens Vegvesen har ein eigen klimaplan som syner korleis dei arbeider med klima, og måten dei opptre på i planlegging, bygging og forvaltning av fylkesvegnettet	Statens Vegvesen Region Vest	For å sikre informasjonsflyt og utveksling av kunnskap mellom aktørane, vert det gjennomført eit årleg møte der SVV informerer om pågåande prosjekt	Er det gjennomført eit årleg møte for informasjon og erfaringsutveksling?

1.3. Samfunnsplanlegging

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Vidareføra utviklingsavtalar med sentrale lag og organisasjonar innanfor klima og miljø.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Bidra med rådgjeving og midlar til prosjekt og aktivitetar som skapar gode haldningar Bruke organisasjonane sin kompetanse i fylkeskommunen sitt arbeid med klima og miljø. Utfordre organisasjonane på kva deira bidrag kan vere i arbeidet med klimaomstilling	Er avtalar inngått/vidareført? Føreligg rapport som viser aktivitet rundt haldningsskapande arbeid? Er organisasjonane involvert i arbeidet?
Nytte styringsgruppa for klimasamarbeid som fellesarena til å styrke og samordne klimaarbeidet i fylket.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, styringsgruppa for klimasamarbeid	Evaluera arbeidet og gjera styringsgruppa meir aktiv, til dømes gjennom felles prosjekt Utarbeide ein eigen handlingsplan/møteplan for gruppa. Invitere relevante offentlege og private regionale aktørar til møta.	Er evalueringa gjort? Har ein etablert felles prosjekt? Er det utarbeida ein handlingsplan for gruppa? Er det gjennomført møter med

			andre regionale aktørar?
Sørgje for at utsleppsreduksjon og klimatilpassing vert inkludert i regionale planar som vert utarbeida i perioden	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Tidleg tverrfagleg involvering i planprosessar	Er utsleppsreduksjon og klimatilpassing teke med i relevante planar?
Vidareføre ENØK-fondet i 2016	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Lyse ut midlar i tråd med vedtektene i fondet	Er det lyst ut midlar? Kor mange har fått støtte? Kor mykje?
Lage ein kommunikasjonsstrategi for arbeidet med klima og miljø i fylkeskommunen	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Samordne med fylkeskommunen sin overordna kommunikasjonsstrategi	Er strategien utarbeida?
Gjennomføre ei analyse av nye utfordringar knytt til arealplanar som følgje av klimaomstillinga. Særleg med tanke på å: <ul style="list-style-type: none"> - sikre matjord og produksjonsareal - trygge bu- og leveområde - førebygge sårbarheit i infrastruktur 	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Bygge vidare på analysen i arbeidet med regional planstrategi Følgje opp analysen og formidle resultatet til kommunane og andre aktørar gjennom Planforum og regionalt plannettverk	Er analysen gjennomført? Er resultatet formidla til kommunane og andre aktørar?
Styrke kompetansehevande tiltak retta mot kommunane, inkludert etter- og vidareutdanning	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Lage ein mal for kompetanseplan for klima og miljø som kommunane kan nytte i si planlegging. Utforme kriterier for ei enkel tilskotsordning. Hjelpe kommunane til å lage ein slik kompetanseplan i eigen organisasjon. Dei kommunane som lagar ein slik plan kan søkje fylkeskommunen om tilskot til etter- og vidareutdanning for planleggarar ved HiSF Samordne med klimaomstillingsprosjektet i regi av den regionale styringsgruppa for klimasamarbeid	Er malen og tilskotsordninga laga? Kor mange kommunar har laga ein slik plan? Kor mange har søkt, fått støtte og gjennomført utdanningsløp?

Ved utvikling av tiltak mot klimaendringar generelt, bidra til at klimatiltak ikkje går ut over andre miljømål innan biologisk mangfald og friluftsliv	Fylkesmannen	Gjennom dagleg sakshandsaming og involvering i planprosessar og som høyringsinstans.	Er dette teke omsyn til? Tal saker (gjeld først og fremst søknader om vasskraftutbygging)
Vurdere klimaverknad av skjøtselstiltak i verneområde (t.d. fjerning av uønskte bestandar av gran)	Fylkesmannen	Syte for at utslepp/ opptak/ståande karbonmengder, og utsleppsverknader av transport og ulike sideeffektar, vert vurderte for alternative måtar å nå målet	Stipulerte vurderingar om klimaverknad? Vart moglege klimaverknader avgjerande for utfallet? Stemde vurderingane med røyndomen i ettertid?
Sikre minimale utslepp av metangass frå avfallsdeponi med nedbrytbart avfall ved fakling, uttak av metan med energi-utnytting der det er lønsamt, eller oksidasjonssjikt.	Fylkesmannen	Ved oppfølging av utsleppsløyve; m.a. gjennom tilsyn og ev revisjonar av gjevne løyve.	Er oppfølging av utsleppsløyve gjennomført? Er tilsyn gjennomført? Er revisjonar gjennomført?
Sikre at avfallsforbrenningsanlegg for ordinært avfall brenn avfall med tilstrekkeleg høg temperatur og under optimale O ₂ -tilhøve.	Fylkesmannen	Ved oppfølging av utsleppsløyve; m.a. gjennom tilsyn og ev revisjonar av gjevne løyve.	Er oppfølging inkl tilsyn og revisjonar av utsleppsløyve gjennomført?

1.4. Kultur

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Arbeide for at etablering og rehabilitering	Fylkeskommunen	Stille krav til utforming, estetikk og miljø i tildeling av	Er det stilt slike krav? Har eigarane

av anlegg for idrett og fysisk aktivitet samt kulturbygg i Sogn og Fjordane skal sikre estetiske og miljømessige omsyn og vere universelt utforma.	ved fylkesrådmannen	midlar, og elles gje rettleiing til eigarane av anlegga om desse omsyna. Ein skal ha fokus på formidling av kunnskap om avfallshandtering, til dømes på anlegg med kunstgras. Energiforbruk er eit anna fokusområde.	fått rettleiing? Er det sett fokus på desse tema?
--	---------------------	---	--

1.5. Fylkeskommunal drift og verksemd

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Evaluere satsinga på Miljøfyrtårn i sentraladministrasjonen og vurdere korleis miljøarbeidet skal takast vidare	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Samordne med ei eventuell utgreiing om miljøleiing i fylkeskommunen, kapittel 3. Evaluere korleis arbeidet med Miljøfyrtårn har fungert, og kva effekt det har hatt. Vurdere vidareføring og vidareutvikling.	Er evalueringa gjennomført? Vert ordninga vidareført?
Redusere utslepp knytt til transport for fylkeskommunalt tilsette	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Stille krav til at tilsette alltid vurderer videomøter før reising, også til møter utanfor fylket. Stille krav til at streaming av konferansar alltid vurderast før reising. Utfordre andre aktørar på å legge til rette for bruk av videoutstyr og streaming Lage ein instruks for økokøyring og halde kurs Vidareføre sykle- og gå til jobben-aksjonen Ved inngåing av nye leasingavtalar på bil skal desse ikkje sleppe ut meir enn 120 g/km CO ₂	Avdelingsvis reduksjon i reiseutgifter og tal reiser? Er det utarbeida instruks for økokøyring og halde kurs? Er denne vidareført? Tilfredsstillar bilane dette kravet?

		Når hurtiglade-mulegheiter tilseier det, skal ein vurdere å lease eller kjøpe minst ein el-bil til bruk i fylkeskommunal teneste	Er det kjøp eller inngått leasingavtale på el-bil?
Innføre vegetardagar i dei fylkeskommunale kantine, for å redusere klimagassutslepp i samband med kjøttproduksjon, auke vegetartilbodet	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Inngå eigne avtalar med leverandør av kantine tenester Samordne med pågåande prosjekt om berekraftige kantiner	Er slike avtalar inngått?
Gå over til bruk av e-avis og avslutte abonnement med papiravis	Fylkeskommunen v/ fylkesrådmannen	Gå over til e-avis for alle tilsette, for å redusere papir	Er papiravis-abonnement avslutta?

a) Innkjøp

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Utforme ein felles innkjøpsstrategi som tek omsyn til klima- og miljø i eit livsløpsperspektiv	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Strategien må minst innehalde vurderingar knytt til: <ul style="list-style-type: none"> - Rollene som bestillar og utviklar - Lokale innkjøp - Miljøeigenskapar og livsløpskostnader Utforme ein standard, minst på nivå med DIFI-retningslinjer, som stiller krav til miljø i anboda	Er strategien utarbeida? Er standarden etablert? Er standarden integrert i rutinar/rapportering for innkjøp?
Auka bruk av dialogbaserte innkjøp som metode for førebuing i større anbudsprosessar	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Heve kunnskap og kompetanse i eigen organisasjon knytt til dialogbaserte innkjøp og leverandørutvikling Tidleg tverrfagleg involvering i innkjøp og anbudsprosessar	Er det gjennomført kompetansehevande tiltak? Er det gjennomført dialogbaserte innkjøp?

Endre bestillingsrutinar slik at levering ikkje treng å skje så ofte, og på denne måten redusere transportutslapp	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Endre interne rutinar i kombinasjon med opplæring. Integrere i anbodsdokument	Tal konkurranser der nye bestillingsrutiner er innført? Reduksjon i tal leveringar?
Heve kompetansen i eigen organisasjon i høve utarbeiding av kravsspesifikasjonar som definerer «behov» framfor «eigenskapar»	Fylkeskommunen v/ fylkesrådmannen	Gjennomføre kompetansehevande tiltak som kan hjelpe dei med innkjøpsansvar til å definere behovet som innkjøpet skal oppfylle på ein betre måte	Er kompetansehevande tiltak gjennomført?
Evaluere fylkeskommunen sitt eige arbeid med innkjøp	Fylkeskommunen v/ fylkesrådmannen	Evalueringa må peike på barrierar når det gjeld klima- og miljøomsyn i innkjøp og ta i bruk kunnskap frå tidligare FoU- prosjekt på dette området	Er evalueringa gjennomført?

b) Bygg og eigedom

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering/ indikatorar
Redusere kor mykje energi som vert kjøpt (kWh/m ²) for bygningsmassen.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Gjere energisparetiltak i bygningsmassen. Mål totalt: 130-140 kWh/m ² innan 2020. Endring av energibruk per kvadratmeter i fylkeskommunale bygg. 130 ved omlegging til varmepumpe. 140 ved energiomlegging som ikkje gjev lokal energisparing (t.d. fjernvarme og biovarme)	Kor mykje er energibruken redusert?
Ein skal gjere økonomiske berekningar for nullutslepp i større rehabiliteringar og nybygg før anbudsfasen.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Alternativet med nullutslepp skal ha ein materialbruk, energibruk og ein kraftproduksjonsdel som til saman stettar krav til nullutslepp. Tre og miljøvenlege byggemateriale skal prioriterast for å	Innarbeidast i kravspesifikasjon og byggesaksrutinar Er nullutsleppsstandard

<p>Dersom ikkje nullutslepp-alternativet vert valt skal nybygg oppførast til minimum energimerke B</p>		<p>nå målet.</p> <p>Storleiken til kraftproduksjonsdelen skal stå i høve til byggeprosjektet, men kan plasserast på ei anna fylkeskommunal tomt om det er meir tenleg.</p> <p>Ein står då igjen med tre alternativ:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Nullutsleppsbygget - Nullutsleppsbygget utan kraftproduksjonsdelen - Bygg til energimerke B <p>Administrasjonen vurderer kva alternativ som er mest tenleg ut frå livsløpskostnader og livsløpsutslepp. Dersom eit av nullutsleppsalternativa vert tilrådd, men krev ekstra løyvingar, skal dette handsamast politisk.</p> <p>Kostnader og tid til utredninga blir belasta byggeprosjektet.</p>	<p>vurdert?</p> <p>Kva energistandard har nyoppførte bygg?</p> <p>Er meir miljøvenlege byggematerial nytta?</p>
<p>Energiomlegging ved å installere varmekjelder basert på varme frå omgjevnaden eller biovarme på bygg der det er vassboren varme</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Minimere bruk av fossile varmekjelder til spissvarme, men tilpassa bruken til gjeldande prissystem for elektrisk effekt og nasjonale føringar</p>	<p>Kva er status for energiomlegginga?</p>
<p>Etablere normalladepunkter for el- bilar og ladbare hybridbilar.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Etablering der fylkeskommunen har bygningar/ eigendom. I takt med opprusting av uteområda og parkeringsanlegg, med utgangspunkt i at tilsette har nok rekkevidde til ordinær pendling. Institusjonar som melder spesiell trong for lading av sine bilar får også ladepunkt gitt at det er ressursar til å gjennomføra prosjektet.</p>	<p>Tal etablerte ladepunkt</p>
<p>Opprinnelsesgaranti for straum</p>	<p>Fylkeskommunen ved</p>	<p>Vurdere å kjøpe slike sertifikat av kraftleverandør. Dette koster om lag 40 000 kr/ år pluss</p>	<p>Er innkjøp vurdert? Gjennomført?</p>

	fylkesrådmannen	administrasjonskostnader hjå kraftleverandør. Dette fell vekk om alle i innkjøpssamarbeidet for kraft går inn får å kjøpa sertifikata.	
--	-----------------	--	--

c) Vidaregåande opplæring

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering/ indikatorar
Arbeide for at alle vidaregåande skular skal vere miljøsertifisert i løpet av 2017	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	<p>Fylkeskommunen støttar skulane økonomisk med eit eingongstilskot for sertifisering som Miljøfyrtårn.</p> <p>I tillegg skal skulane få informasjon om korleis dei kan sertifisere seg som Grønt Flagg-skule, ei ordning som òg rettar seg mot innhaldet i skulen.</p> <p>Fylkeskommunen skal halde felles kurs i miljøarbeid for kontaktpersonar/ansvarlege på skulane</p>	<p>Har skulane fått støtte og gjennomført sertifisering?</p> <p>Har skulane fått informasjon og rettleiing om Grønt Flagg?</p> <p>Er det halde slikt kurs?</p>
Vidareutvikle kantineprosjektet	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	<p>Kantineprosjektet, som no fokuserer på økologisk og kortreist mat, skal òg jobbe opp mot skulane for å:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innføre minst ein kjøtfri dag i veka i kantine - Auke tilbodet av vegetarkost - Gje opplæring i «berekraftig meny», t.d restemat - Ta vare på og vidareforedle matavfall <p>Prosjektet bør søkje ekstern finansiering i tillegg, og samarbeide med aktuelle aktørar i fylket, som UWC, Sogn Jord- og Hagebruksskule, Bondelaget</p>	<p>Er kantineprosjektet utvida til å omfatte desse punkta?</p> <p>Kva resultat har det gjeve?</p> <p>Har prosjektet fått ekstern finansiering?</p> <p>Kven er samarbeidspartar?</p>

Arbeide for at alle dei vidaregåande skulane skal ha eit opplegg for klimaundervisning	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	<p>Nytte pilotprosjektet som vert gjennomført på Firda VGS i 2015-2016, støtta av Den Naturlege Skulesekken og fylkeskommunen, som referanse. Norsk Bremuseum, 4H og UWC har utarbeida innhaldet, som er i tråd med læreplanar i skulen.</p> <p>Rapporten frå prosjektet skal gje rettleiing til andre skular om korleis klima og miljø kan integrerast i undervisninga på ein lokalt tilpassa måte.</p> <p>Undervisningsopplegget bør legge vekt på tverrfagleg kunnskap og problemløysing, samt legge til rette for nettbasert læring.</p> <p>Fylkeskommunen stiller seg bak søknaden frå Firda VGS om forsøk med programfag klima/miljø frå 2016.</p>	<p>Føreligg sluttrapport frå pilotprosjektet, og er den distribuert til skulane?</p> <p>Kor mange skular har gjennomført eige undervisningsopplegg?</p> <p>Er tverrfaglegheit sikra? Er det lagt til rette for nettbasert læring?</p>
Arbeide for at fleire lærarar i den vidaregåande skulen tek etter- og vidareutdanning innanfor klima og miljø	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Samarbeide med HiSF og Firda VGS, som arbeider med å få i gang vidareutdanning i naturfag med vekt på klima/miljøtema frå 2016, om å rekruttere lærarar og marknadsføre ordninga. Stipend til lærarar går gjennom skulane.	<p>Er kurset gjennomført i 2016? 2017?</p> <p>Kor mange lærarar fekk støtte og gjennomførte?</p>
Styrke satsinga på grønt entreprenørskap i den vidaregåande skulen	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	<p>Vidareutvikle samarbeidsavtalen med Ungt Entreprenørskap. Etablere eit pilotprosjekt der Sogn og Fjordane vert det første fylket i landet som tilbyr eiga miljøsertifisering for ungdoms- og elevbedrifter.</p> <p>I samarbeid med UE, partnerskapen, bransjeorganisasjonar og næringslivet i fylket, utarbeide eit samordna grønt entreprenørskapstilbod</p>	<p>Er pilotprosjekt gjennomført?</p> <p>Er entreprenørskapstilbodet etablert og samarbeidspartane involvert i gjennomføringa?</p> <p>Kva aktivitetar er gjennomført?</p>

for dei vidaregåande skulane i fylket, som mellom anna kan innehalde:

- prototyping av gode energi- og miljøløysingar
- tverrfagleg problemløysing innanfor klima/miljø
- vidareføring av campar og gründerdagar i samarbeid med næringslivet
- kurs, undervisning og fagdagar

2. Klimatilpassing

2.1. Beredskap og samfunnsplanlegging

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
I samband med relevante planar, hente inn og ta i bruk kunnskap om klimamessige utfordringar knytt til sjøområde og havrommet	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Lage ei oversikt over konsekvensane av klimaendringar i sjøområde og havrom for ulike næringar og kommunar Samordne med øvrig planarbeid i fylkeskommunen	Er det laga ei slik oversikt? Er denne formidla til aktørane? Kva planarbeid har vore relevant?
Bidra til å samle og formidle oppdatert kunnskap om klimaskapte farar og ulemper (særleg naturfarar).	Fylkesmannen	Gjennomføre ein nasjonal konferanse om klimatilpassing Delta i forskings- og utviklingsprosjekt, og spele inn tema til nasjonale styresmakter, forskingsinstitusjonar m.m.	Gjennomføre pågåande prosjekt. Deltok ein i forskingsprosjekt? Delta i formidling av kunnskap frå desse prosjekta.
Bidra til kompetanseheving i kommunane.	Fylkesmannen	Ha klimatilpassing som tema på samling i planlæringsnettverket i 2016. Vidareutvikle samarbeidet med HiSF.	Gjennomført samling i læringsnettverket.
Bidra til å utvikle verktøy som kommunar og andre kan nytte for å vurdere	Fylkesmannen	Gjennomføre utviklingsprosjekt i samarbeid med Vestlandsforskning.	Gjennomføre forprosjekt i 2016.

konsekvensar av klimaendringane i planar etter plan- og bygningslova.			
Bidra til at høge alternativ frå dei nasjonale klimaframskrivingane vert lagt til grunn i vurderinga av konsekvensar	Fylkesmannen	Halde fram rettleiing og kontroll med arealplanlegging i kommunane. Vurdere bruk av motsegn. Inkludere klimaendringar som tema i tilsyn etter sivilbeskyttelseslova	Er det gjeve rettleiing? Er kommunale planar kontrollert?
Tiltak frå statleg planrettingslinje for klimatilpassing skal implementerast	Fylkesmannen	Følgje opp tiltaka i statleg planrettingslinjer. Gå gjennom rettleiarar som vert påverka av planrettingslinja. Lage interne tiltaksplanar/ retningslinjer for oppfølginga, og drøfte arbeidsdeling mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen	Er tiltaka følgt opp? Er det laga interne tiltaksplanar?
Bidra til å auke kunnskapen om lokale verknader av havnivåauke	Fylkesmannen	Formidle oppdatert kunnskap om havnivå og rettleie kommunane i oppfølginga. Dele erfaringar om bruk av havnivåstigingsrettleiaren med nasjonale myndigheter. Må sjåast i samanheng med nasjonale prosessar. Bidra til å samle kunnskap om farar og ulemper.	Er slik kunnskap formidla?
Oppdatere klimavurderingane i fylkes-ROS i tråd med ny, offisiell rapport	Fylkesmannen	Legge rapporten <i>Klima i Norge 2100</i> (NCCS-rapport no 2/2015) til grunn ved revidering av fylkes-ROS i 2016.	Revidert fylkes-ROS

2.2. Landbruk

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
FoU-prosjekt om nye vekster i landbruket på Vestlandet	Fylkesmannen	Hagebruk + jordbruk (grasartar) og i skogbruk (her finst det nesten ikkje planteleverandørar på Vestlandet lenger)	Er FoU – prosjekt starta opp? Rapport?

2.3. Samferdsle

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Sikre integrering av omsyn til klimaendringar i SAMROS.	Statens Vegvesen Region Vest	Veg- og transportavdelinga (staben). Start september 2015. Deretter kontinuerleg oppfølging	Er omsyna integrert?
Evaluere korleis Vegvesenet tar omsyn til klimaendringar i kommunedelplan, reguleringsplan og byggjeplan i Region vest (med utgangspunkt i rapporten «Klima og transport»).	Statens Vegvesen Region Vest	Utarbeide sjekklister. Veg- og transportavdelinga (samfunnsseksjonen) og Ressursavdelinga. Vegavdelingane får høve til å bidra etter eige ønskje Start januar 2016, slutt desember 2016	Er sjekklistene utarbeida? Er vegavdelingane involvert?
Gjennomføra naudsynte kompetansehevande tiltak rundt klimatilpassing, for prosjekt- og byggjeleiarar.	Statens Vegvesen Region Vest	HR – og administrasjonsavdelinga (HR Utviklingsseksjonen) i samarbeid med veg- og transportavdelinga (samfunnsseksjonen). Start januar 2017, slutt desember 2017	Er tiltaka gjennomført?

2.4. Kultur

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
Gje råd til kommunane om klimatilpassing av kulturminne	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Kommunisere med kommunane om innhald og resultat i pilotprosjektet i samarbeid med Riksantikvaren, NIKU, NVE og Aurland kommune. Integrere klimaomsyn i kulturminneplanar	Er prosjektrapporten gjort tilgjengeleg og resultata kommunisert ut? Er kommunane oppmoda om å integrere klimaomsyn i planane?

Kommunisere med offentlege og private byggeigarar om miljøfordelane ved å ivareta og setje i stand eldre bygningsmasse, som eit alternativ til nybygg	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Formidle kunnskap frå analysen gjort av Riksantikvaren om miljøfordelar ved å ivareta eksisterande bygg gjennom kontakt med byggeigarar	Er resultatet kommunisert ut til byggeigarar i sakshandsaming og meir generelt i arbeidet til kulturavdelinga?
---	------------------------------------	---	--

3. Tverrfaglege prosjektmulegheiter

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar
<p>Etablere eit prosjekt som skal styrke lokale verdikjedar og på den måten bidra til klimaomstilling og vekst i talet på arbeidsplassar.</p> <p>Prosjektet skal inngå i det tverrsektorielle arbeidet for omstilling til eit meir berekraftig samfunn. Resultatet skal vere ein strategi for omstilling til ein fossilfri økonomi. Denne strategien skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for rullering av fylkesdelplanen for klima og miljø.</p>	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	<p>Partnarskapen skal vere involvert og ha ei aktiv rolle i arbeidet.</p> <p>Prosjektet skal ta utgangspunkt i fylket sine ressursar og auke den lokale verdiskapinga knytt til desse, t.d:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Trebaserte ressursar - Matproduksjon på land og sjø - Energikjelder og energiberarar - Avfall frå privat forbruk og industrielle biprodukt <p>Prosjektet skal legge til rette for betydeleg utsleppsreduksjon og verdiskaping i heile verdikjeda:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lokal produksjon - Lokal distribusjon 	<p>Er prosjektet starta opp? Gjennomført?</p> <p>Er partnarskapen involvert?</p> <p>Er det utarbeida ein strategi for omstilling til ein fossilfri økonomi?</p> <p>Er strategien teke vidare i arbeidet med å rullere fylkesdelplanen med klima og miljø?</p> <p>Potensialet for auke i tal arbeidsplassar/reduerte utslepp?</p>

		<ul style="list-style-type: none"> - Lokal marknad og forbruk - Lokal avhending og sirkulering <p>Prosjektplanen må innehalde ein eigen arbeidspakke knytt til formidling av prosjekresultat og rettleiing til kommunar, næringsliv og andre.</p> <p>Prosjektet skal mellom anna bygge vidare på tidlegare gjennomførte FoU-prosjekt, til dømes bygghanalysen (Segel, 2015), hydrogenkartlegginga (CMR, 2015) og ulike RFFV-prosjekt.</p>	
<p>Etablere eit prosjekt som skal bidra til utviklinga av «smarte bygdebyar» i fylket, og på den måten bidra til klimaomstilling og auke talet på arbeidsplassar.</p> <p>Prosjektet skal inngå i det tverrsektorielle arbeidet for omstilling til eit meir berekraftig samfunn. Resultatet skal vere ein strategi for berekraftig sentrum- og senterstrukturplanlegging. Denne strategien skal vere ein del av kunnskapsgrunnlaget for rullering av fylkesdelplanen for klima og miljø.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Partnerskapen skal vere involvert og ha ei aktiv rolle i arbeidet.</p> <p>Prosjektet skal ta utgangspunkt i tenkinga rundt «Smart cities»/»Fremtidens byer» og konkretisere korleis bygdebyane i fylket kan omstille seg til meir berekraftige samfunn innanfor område som:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Energiforsyning og -forbruk, herunder lokal/privat energiproduksjon - Smarthus- og velferdsteknologi - Transport- og arealplanlegging, også for friluftsliv- og reiselivsutbyggingar - Privat og offentleg forbruk og avfallshandtering - Bustadplanlegging, miljøhus og sosiale buformer <p>Prosjektet skal særleg legge vekt på løysingar som bidreg til auka lokal verdiskaping, og prosjektplanen må innehalde ein eigen arbeidspakke knytt til formidling av prosjekresultat og rettleiing til kommunar, næringsliv og andre.</p> <p>Prosjektet skal mellom anna bygge på tidlegare</p>	<p>Er prosjektet starta opp? Gjennomført?</p> <p>Er partnerskapen involvert?</p> <p>Er det utarbeida ein strategi for berekraftig sentrum- og senterstrukturplanlegging?</p> <p>Er strategien teke vidare i arbeidet med å rullere fylkesdelplanen med klima og miljø?</p> <p>Potensialet for auke i tal arbeidsplassar/reduerte utslepp?</p>

		gjennomførte FoU-prosjekt, til dømes bygghanalysen (Segel, 2015) og hydrogenkartlegginga (CMR, 2015) og utfasing av oljefyring (Naturvernforbundet, 2014)	
Bidra til betre samfunnsplanlegging for redusert bilavhengigheit og auka bruk av kollektivtransport i fylket	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Satsinga samordnast med «Smarte bygdebyar» og bør innehalde: <ul style="list-style-type: none"> - ein eller fleire pilotar med utleige av el- sykkel - planar for (sykkel)parkering ved knutepunkt for kollektivtrafikk - utvikling av ein eigen samkøyrings- app 	Er slike tiltak sett i verk? Har bruken av bil blitt redusert? Har bruken av kollektiv auka?
Skaffe kunnskap om ulike løysingar og initiere prosjekt for å teste ut miljøteknologi og fossilfrie drivstoff innanfor kollektivtransport i fylket	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Ein skal prioritere prosjekt som kombinerer testinga av teknologi med lokal produksjon av slike fossilfrie drivstoff. Til dømes ferjer, passasjerbåtar og rutebussar med el-framdrift, hydrogen eller biodrivstoff. Ta i bruk kunnskap frå tidlegare gjennomførte FoU-prosjekt, som hydrogenkartlegginga (CMR, 2015) mulegheitsstudiet for miljøteknologi i ferjer og passasjerbåtar (Enova, 2015/2016)	Er det sett i gong slik testing eller demonstrasjon av miljøteknologi/fossilfrie drivstoff?

<p>Lage ein strategi rundt utbygging av utsleppsfri transportinfrastruktur i Sogn og Fjordane, inkludert:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Landbasert person- og varetransport - Kystnær person- og varetransport - Ulike teknologiar og fossilfrie drivstoff 	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Hente inn kunnskap om kva som kan vere føremålstenleg energikjelde, lagring, distribusjon, teknologi, design og lokalisering, samt andre faktorar som kan påverke utbygging av slik infrastruktur.</p> <p>Lyse ut midlar til utbygging av infrastruktur i tråd med Enova sine satsingar.</p> <p>Arbeidet må bygge på erfaringar frå tidlegare FoU-prosjekt, som hydrogenkartlegginga (CMR, 2015) mulegheitsstudiet for miljøteknologi i ferjer og passasjerbåtar (Enova, 2015/2016).</p>	<p>Er det henta inn eit kunnskapsgrunnlag?</p> <p>Er strategien utarbeida?</p> <p>Er tilskot tildelt?</p>
<p>Etablere eit prosjekt som skal styrke samfunnsentreprenørskap og kulturbaserte næringar.</p> <p>Prosjektet skal inngå i det tverrsektorielle arbeidet for omstilling til eit meir berekraftig samfunn. Resultatet skal vere eit tillegg til kulturstrategien som utdjupar korleis kultursektoren kan bidra til omstillinga. Denne strategien skal inngå i kunnskapsgrunnlaget for rulling av fylkesdelplanen for klima og miljø.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Partnarskapen skal vere involvert og ha ei aktiv rolle i arbeidet.</p> <p>Prosjektet skal konkretisere korleis «den fjerde sektoren» (nye måtar å løyse samfunnsutfordringar) kan bidra til berekraftig omstilling, mellom anna:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Innovasjon innanfor helse, omsorg, velferd og integrering, buformer og fritid - Kulturbaserte næringar og møteplassar - Styrking av organisasjonslivet sitt bidrag til samfunnsutviklinga i fylket <p>Prosjektet skal mellom anna bygge på tidlegare gjennomførte FoU-prosjekt, til dømes frivillegkartlegginga (MF, 2003) og pilotprosjektet for samfunnsentreprenørskap (HLB, 2015).</p>	<p>Er prosjektet starta opp? Gjennomført?</p> <p>Er partnarskapen involvert?</p> <p>Er det utarbeida eit tillegg til kulturstrategien som omtalar berekraft?</p> <p>Er strategien teke vidare i arbeidet med å rullere fylkesdelplanen med klima og miljø?</p> <p>Potensialet for kultursektoren sitt bidrag til berekraftig utvikling?</p> <p>Prosjektrapport</p>

<p>Analysere potensialet for kostnadsreducerande tiltak i den fylkeskommunale drifta, som samstundes er gode klima- og miljøtiltak.</p> <p>Prosjektet skal inngå i det tverrsektorielle arbeidet for omstilling til eit meir berekraftig samfunn. Resultatet skal vere ein strategi for miljøleiing i fylkeskommunen. Denne strategien skal inngå i kunnskapsgrunnlaget for rullering av fylkesdelplanen for klima og miljø.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Analysen bør minst innehalde:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Økonomiske og miljømessige vurderingar knytt til ei satsing på miljøsertifisering av alle dei vidaregåande skulane og tannlegekontora - Mulegheiter for innføring av grøn finansforvaltning i fylkeskommunen - Framlegg til korleis miljømåla i ein felles innkjøpsstrategi kan integrerast i alle sektorar <p>Arbeidet må samordnast med omstillingsprosjektet SFJ 2019.</p>	<p>Er analysen gjennomført?</p> <p>Er det utarbeida ein strategi for miljøleiing i fylkeskommunen?</p> <p>Er strategien teke vidare i arbeidet med å rullere fylkesdelplanen med klima og miljø?</p>
--	---	--	--

4. Tiltak som er relevant for kommunane

Tiltak	Område	Korleis
<p>Rullere kommunen sin eksisterande klima- og energiplan.</p>	<p>Plan</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Politisk vedtak og forankring for arbeid med ny eller revidert klima- og energiplan - Utarbeide faktagrunnlag: status og framskrivingar - Fastsette eller revidere mål - Utarbeide handlingsprogram med tiltak, verkemiddel og framdriftsplan

Rullere eksisterande handlingsprogram knytt til kommunen sin klima- og energiplan		<ul style="list-style-type: none"> - Vedtak og forankring av handlingsprogram - Gjennomføring, oppfølging og rapportering, evaluering og vurdering av måloppnåing <p>Til denne prosessen kan kommunane nytta KOMPLETT: KS og Enova sitt planverktøy for klima- energiplan: http://www.klimaogenergiplan.no/</p> <p>Sjå òg www.miljokommune.no - klima og energiplanlegging</p>
Gjennom kommuneplanlegging legge til rette for å redusere transportbehovet i kommunen.	Plan	<p>Legge til rette for at utbygging skjer i sentrumsnære område og ved sentrale knutepunkt gjennom overordna planer som samfunnsdel og arealdel.</p> <p>Kompakt tettstadutvikling - konsentrere utbygging om sentrale knutepunkt (som til dømes skular og langs busstrasear) og i sentrumsnære område.</p> <p>Fritidstilbod, arbeidsmarknad og buområde; legge til rette for mindre transport.</p>
Gjennom kommunal planlegging legge til rette for fjernvarme basert på fjordvarme, bioenergi, varmepumper og andre miljøvennlige energiløysingar.	Plan, næring, teknisk	<p>Legge til rette for innføring av fjernvarmeutbygging. Gjennom kommuneplanen sin samfunnsdel.</p> <p>I samband med nytt VA- anlegg, søke å samordne VA- utbygging med utbygging av fjernvarmeanlegg, for å unngå ekstra kostnadar.</p>
Vurdere om takareal på kommunale bygg er eigna til å produsere solenergi, anten ved å montera solceller til straumproduksjon eller solfangarar til oppvarming av vatn	Plan, teknisk	<p>Gjennomføre analyser av energibehov opp mot effekt av slike løysingar. Vurdere dette ved all renovering/oppgradering.</p> <p>Gje rettleiing til private aktørar som ønskjer å velje slike energiløysingar.</p>
Om det ligg føre konsesjon for fjernvarmeanlegg innføra tilknytingsplikt gjennom plan- og bygningslova.	Plan	Innføre tilknytingsplikt for bustader og verksemder til fjernvarmeanlegg.
Stille krav om bioenergi, fjernvarme,	Plan	Fjernvarme knytt til boligkompleks og forretningsbygg, ikkje nødvendigvis leilegheiter/

fjordvarme, varmepumpe eller vassboren varme ved godkjenning av nye bustadar eller bustadområde.		einebustad
Samarbeid med nabokommunar om heilskapleg risiko- og sårbarhetsanalyse	Plan, beredskap	Sjå mellom anna slikt samarbeid gjennomført i Eid, Vågsøy og Selje.
Utforme ein felles innkjøpsstrategi som tek omsyn til klima- og miljø i eit livsløpsperspektiv	Innkjøp	Strategien må minst innehalde vurderingar knytt til: <ul style="list-style-type: none"> - Rollene som bestillar og utviklar - Lokale innkjøp - Utsleppskrav og livsløpskostnadar Utforme ein miljøstandard med utgangspunkt i innkjøpsstrategien. Standarden bør innehalde krav der effekten kan målast.
Alle offentlege anbod/innkjøp skal vere i tråd med DIFI sine retningslinjer om miljø i offentlege anbod og stille krav til miljøegenskapar og livsløpskostnadar.	Innkjøp	I utarbeiding av anbod bør kravspesifikasjonar og kriterier minst vere på nivå med DIFI sine malar for miljøstandardar i offentlege innkjøp.
Greie ut miljøgevinstar i landbrukssektoren for kommunen.	Landbruk	Landbrukskontoret tek initiativ til ei utgreiing av utsleppstal knytt til landbrukssektoren. Sjå på korleis ein kan redusera utslepp pr. produsert eining? Kan kommunen redusere sitt utslepp frå metangass?
Gjennom kommuneplan sin samfunnsdel, sei at det ikkje skal givast konsesjon til nydyrking av myr.	Plan/landbruk	Arbeid med reguleringsplanar. Vurdere naturmangfaldslova.
Oppmode alle verksemder i kommunen til å delta i industrinettverket til Enova. Dette nettverket er retta mot små og mellomstore verksemder og gir støtte til	Næringsutvikling	Brev og aktiv rekruttering mot alle verksemdene i kommunen – om kommunen ynskjer å satse meir på dette kan dei arrangera seminar rundt temaet

finansiering av enøk-analyser og etablering av energileiing og energioppfylgningssystem.		
Finne potensialet for energisparing i industriverksemdene i kommunen gjennom ei undersøking.	Næringsutvikling	<p>For å finne det totale potensialet av mulige ENØK-tiltak i industriverksemdene i kommunen, er det naudsynt å innhente informasjon frå bransjen:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Korleis er energiforbruket i kommunens store industriverksemdar? - Kva for energikjelder dominerer? - Kva har industriverksemdene allereie gjort for å redusere energibruken?
Oppmode alle verksemdar i kommunen til å gjennomføre miljøsertifisering og/ eller innføre system for miljøleiing	Næringsutvikling	Verksemdene kan søkje om støtte til miljøsertifisering frå fylkeskommunen si tilskotsordning
Oppmode alle verksemdar i kommunen til å arbeide systematisk med samfunnsansvar og klimaspørsmål	Næringsutvikling	Bedriftene kan delta i nettverket for samfunnsansvar i næringslivet, som er finansiert av fylkeskommunen og drifta av NHO. Det er ikkje eit vilkår at bedriftene er medlem i NHO.
Utgreie moglegheiter for å styrke lokale verdikjeder i kommunen og regionen rundt	Næringsutvikling	<p>Utgreie potensiale og peike på mulegheiter for bedrifter knytt til:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Lokal produksjon - Lokal distribusjon - Lokal marknad og forbruk - Lokal avhending og sirkulering
Legge til rette for aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus.	Byggesaker	Støtte (økonomisk/organisatorisk/planarbeid) til aktørar som ynskjer å byggje nullutsleppshus
Samordne fritidstilbod med kollektivtransporttilbodet i kommunen, for å redusere transportutslepp	Transport	Direkte pålegg i kommunane sine egne arrangement og i dialog med frivillige lag og organisasjonar.

Bygge ut sykkelvegar og gangstiar	Transport	Legge dette inn i utbyggingsavtalar på nye bustadfelt. Utnytte gamle vegar der dette er tilgjengeleg. Merke gamle vegar
Setje mål om ei viss lade-deking i nye bustadfelt (private og kommunale), og sørge for utbygging av ladeinfrastruktur på felles parkeringsområde.	Transport	Kartlegge behovet for nye ladepunkt med utgangspunkt i målet om ladedekning. Samarbeide med utbyggjarar, burettslag, næringsaktørar og andre om finansiering og utbygging av ladepunkta.
Hindre at det oppstår, og stoppe, open brenning av avfall.	Avfall	Open brenning av avfall skjer med låg temperatur, ufullstendig forbrenning og med utslepp av klimagassar og giftige stoff. Vedtak lokal forskrift om open brenning. Utføre tilsyn og kontroll som forsøplingsmyndigheit.
Miljøsertifisera eiga verksemd, og innføra miljøstyringssystem i kommunen Vurdera å innføra grøn finansforvaltning i den kommunale verksemda	Kommunal verksemd	Gjennomføre miljøsertifisering i alle delar av den kommunale verksemda Vurdere same modell som er vedteke i Eid kommune, KLP og Statens Pensjonsfond
Ved innkjøp/ leasing av bilar og liknande skal desse gjennomsnittleg ikkje sleppe ut meir enn 120 g co2 pr km. Der det er formålstenleg skal el-bil brukast.	Kommunal verksemd	Krav til co2 utslepp ved kjøp/leasing av bil
Legge til rette for reduserte utslepp frå kommunen sin eigen transport	Kommunal verksemd	Redusere utslepp frå eiga verksemd gjennom å forbetra logistikken, innføre økokøyring, bruka drivstoffgjerrige køyretøy, alternative drivstoff og ny motorteknologi
Påverka tilsette sine reisevanar	Kommunal verksemd	Innføre incentiv til sykling og kollektivbruk, redusere tal parkeringsplassar eller innføra avgift på parkering for tilsette og besøkande
Stille krav om klima og miljøvenleg husbygging i alle kommunale byggeprosjekt	Kommunal verksemd, bygg	Ha nullutslepp og fornybar materialbruk som krav i alle utbyggingar og rehabiliteringsprosjekt. Stille krav om minst energimerke «B» i alle rehabiliteringsprosjekt, og fremje bruk av tremateriale

Lage eit systematisk energi- og utslepps rekneskap for kommunale bygg.	Kommunal verksemd, bygg	Gjennom energimerking og energistyringsprosjekt i kommunen.
Legge til rette for investeringar i energisparingstiltak i budsjetthandsaminga.	Kommunal verksemd	Mange tiltak kan vere inntente i løpet av få år, men gjennomføringa vert ofte hindra av investeringskriteria og budsjetthandsaminga. Endring av desse til fordel for energisparing. Utnytte tilskotsordningar som finnest på dette området.
Fase ut oljefyring i alle kommunale bygg. Bytte til meir energisparande oppvarming/kjøling, òg der det frå før er elektrisk oppvarming	Kommunal verksemd, bygg	Installasjon av varmepumper og liknande.